



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 07.10.2014

Vår ref.: 2013/6655

Arkivnr.: 421.4

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep.
0032 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Oversending for endeleg avgjerd av motsegn etter § 5-6 i plan- og bygningslova:

Detaljregulering Vats- og Yrkesfjorden, Vindafjord kommune

Detaljregulering av sjøområde i Vats- og Yrkesfjorden vart vedteken i Vindafjord kommunestyre 24.06.2014. Fylkesmannen i Rogaland og Fiskeridirektoratet fremma motsegn til planen. På meklingsmøte 09.05.2014 vart det ikkje oppnådd semje. Fiskeridirektoratet og Fylkesmannen står fast på sine motsegner til planen. Fylkesmannen rår departementet til å vedta reguleringsplanen, men at det ikkje blir opna for seksjonering av oljeinstallasjonar i sjø. Fylkesmannen si vurdering er at seksjonering av oljeinstallasjonar i og nær viktige gyte- og oppvekstområde i Vats- og Yrkesfjorden, vil representere ein forureiningsfare for fjordsystemet, som kan få betydelege negative verknader på økosystem og fiskeriressursane. Vi vil rå til at planen kan opne for noko meir industriell aktivitet i sjø i hamneområde 1 i Vatsfjorden med klare type og volumavgrensingar. Det føreset at det blir lagt fram dokumentasjon som viser at aktiviteten ikkje vil føre til forureining av fjordsystemet. Vidare at kombinert område i Yrkesfjorden; *hamneområde i sjø/industri 2/farled* med *omsynssone gyteområde*, vert regulert til fiske og farled med omsynssone gyteområde.

Bakgrunn

Vindafjord kommune vedtok kommuneplanen sin arealdel 08.02.2011. I planen er sjøområdet i Vats- og Yrkesfjorden sett av til riggområde under arealkategorien *Bruk og vern av sjø og vassdrag*, §11-7 nr 6 i plan- og bygningslova. I samsvar med punkt 5.3.1 andre setning i føresegna til kommuneplanen, er det utarbeidd ein reguleringsplan med konsekvensutgreiing med sikte på å leggje til rette for industriell aktivitet i sjøområdet. Kommunen har vurdert at planlagt aktivitet kan skje på ein miljømessig akseptabel måte og utan for store ulemper for fiskeinteressene. Fylkesmannen i Rogaland og Fiskeridirektoratet har fremja motsegn til planen.

Oversikt motsegner

Motsegnene frå Fylkesmannen og Fiskeridirektoratet refererer til føresegnene daterte 05.06.13 og må sjåast i forhold til desse. Justerte føresegner vedtekne i kommunestyret er daterte 15.04.14.

Fylkesmannen i Rogaland har av omsyn til fare for forureining i sjø og på sjøbotn, motsegn til:

Industriell aktivitet i delområde 1 (djupare enn 20 m) og i delområde 2 knytt til dei fem første strekpunkta i føresegn 3.2 a):

- Seksjonering av stålunderstell plassert på sjøbotn for vidare gjenvinning på land.
- Tilpassingsarbeid på sjøbotn for plassering av plattformunderstell og kranplattform.
- Midlertidig plassering av flytande installasjonar for vidare gjenvinning på land.
- Seksjonering av flytande installasjonar for vidare gjenvinning på land.
- Oppgradering/komplettering av riggar og andre flytande konstruksjonar.

Fiskeridirektoratet har slike motsegner:

- § 1 – Avgrensing
Forslag til reguleringsføresegner vil gi irreversible og negative konsekvensar for gyte- og oppvekstområder for fisk, samt utøving av fiske. Planlagt sjøareal kan ikkje vere større enn det som er nødvendig for ankring av installasjonar i påvente av inn-/uttransport til anlegget på land.
- § 2 – Føremål
Er i konflikt med gytefelt og oppvekstområde for fisk, samt notfisket som skjer i området. Føresegna må takast ut av planen.
- § 3.1 – Ferdsel (riggområde)
Det må gå heilt klart fram av føresegna at arealet i «Ferdse 1» og «Ferdse 2» gjeld både overflate, vassøyle og sjøbotn. Yttergrense for areal må teiknast inn på kart og koordinatfestast.
- § 3.2 – Hamneområde i sjø/industri
Alle dei planlagde aktivitetane i strekpunkt 1-6 i avsnitt a) og i strekpunkt 1-3 i avsnitt b) vil vere i konflikt med registrerte og kartfesta gyteområde.
- § 4 – Omsynssoner
Det er viktige gytefelt for fleire artar fisk i området. Dette er ikkje synleggjort verken i kartvedlegg eller i tekst. Det må spesifiserast i eige avsnitt at det skal tas særleg omsyn til gyting og oppvekst av fisk.
- § 5.1 c) – Fellesføresegner – varslings
Punktet om at fiskeridirektoratet region sør skal varslast straks når nye installasjonar skal kome inn, må føyast til ein klausul om at deira tilsvar også skal vere bindande for tiltakshavar. Konkret må det visast særskilt at nye installasjonar ikkje kan kome inn med mindre det ligg føre skriftleg positivt tilsvar frå direktoratet.

Forhold som må sjåast i samanheng – konsekvensvurderingar

Fylkesmannen si vurdering er at faren for forureining og manglande høve til tilsyn, kontroll og sikring av utslepp ved industriell aktivitet i sjøen, er undervurdert i KU.

Fiskeridirektoratet si vurdering er at KU må kompletterast med omsyn til gytefelt, pelagisk fisk, oseanografi og alternativ til Vats-Yrkesfjorden.

Kommunen si vurdering er at dei viktigaste avgjerdsrelevante konsekvensane er komne fram.

Mekling

Meklingsmøte vart gjennomført hos Fylkesmannen på Statens Hus 09.05.2014. Det vart ikkje oppnådd semje om reguleringsplanen.

Vindafjord kommune, Fiskeridirektoratet og Fylkesmannen har saman utarbeidd eit eige fellesbrev til departementet for å synleggjere at seksjonering og gjenvinning av oljeinstallasjonar er eit nasjonalt ansvar og krev tydelege sektorsamordna nasjonale føringar. Fellesbrevet følgjer med som vedlegg.

Fylkesmannen si vurdering

Yrkesfjorden er spesiell i Noreg ved at den har opninga mot aust og fjordbotn mot vest. Dette har følgjer for straummønster, naturmangfaldet og særleg for førekomst av stimgåande fisk. Det har i fleire hundre år vore eit svært godt fiske på mange ulike artar her. Det er opplysningar om at delar av fisket i fjorden er særskilt matrikulert, noko som er eineståande i Noreg. Det er og registrert spesielle marine naturtypar på israndavsetninga i fjorden.

Planen gjev ikkje tilstrekkeleg interesseavklaring ute i fjorden mellom industri, fiske og naturverdiar. Vidare vurderer vi faren for langsiktig forureining av fjordsystemet som særskilt konfliktylt slik reguleringsplanen no ligg føre. Det er vanskeleg å ha fullgod dokumentasjon på omfanget av potensiell forureining i oljeinstallasjonane som skal seksjonerast. Det er ikkje vist, verken ved tilsvarande verksemder eller i plandokumenta for denne reguleringsplanen, korleis all forureining kan bli kontrollert og utsleppa regulerte ved demontering i sjø.

Fylkesmannen si motsegn var til industriell aktivitet i kombinert «hamneområde i sjø/industri 1» i Vatsfjorden og tilsvarande for slikt område 2. Det siste dekkar store delar av Yrkesfjorden. Denne aktiviteten i sjø vil etter vår vurdering, gje lite kontrollbar og høg risiko for uakseptabel forureining over tid. Vi vil understreke at vi ikkje først og fremst her tenkjer på akutte utslepp på grunn av feil eller uhell, men på at demontering og seksjonering av utrangerte installasjonar i sjø kan gje uheldige og til dels ukjente utslepp. Dersom det i framtida skal seksjonerast einskildinstallasjonar frå ein internasjonal marknad i planområdet, kan grunnlaget for gjennomføring av risikovurderingar verte svekka. Dette skuldast mellom anna at koplinga til opphavleg operatør vert svakare på grunn av moglege kommersielle mellomledd før levering til slutthandsaming. Det kan då verte vanskelegare å framskaffe naudsynt dokumentasjon om installasjonen og miljøskadeleg innhald. Det er sannsynleg at seksjonering av oppankra installasjonar kan gje forureining av botnsubstrat og vassmassar i løpet av 50 – 100 år. Vi legg til grunn at økosystemet og dei særleg rike fiskeressursane i dette fjordsystemet skal vere godt brukande til menneskeføde for all framtid. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 og tilsvarande paragrafar i havressurslova, gjeld i saker både etter plan og bygningslova og forureiningslova.

Kommunen har gjort endringar i planføresegnene i høve til dei som var til offentleg ettersyn. Desse endringane kan bidra til betre handtering av installasjonane i planområdet, men etter vår vurdering vil dei ikkje i vesentleg grad endre faren for langsiktig forureining av fjordsystemet som konsekvens av seksjonering og anna industriell aktivitet i open djup sjø. Fylkesmannen meiner at det i dette tilfellet er ein vesentleg risiko for at det kan skje ein alvorleg eller irreversibel skade på

naturmangfaldet inkludert dei viktige fiskeressursane. Av den grunn kan ikkje Fylkesmannen akseptere at reguleringsplanen opnar for seksjonering i sjø.

Fiskeridirektoratet si motsegn er til all industriell aktivitet i sjø. Fylkesmannen si vurdering er at ein kan opne for typen industriell aktivitet i form av oppgradering/komplettering av riggar og andre flytande konstruksjonar i delar av «hamneområde i sjø/industri 1».

Ut over mengdeavgrensing av installasjonar, manglar planen ei interesseavveging mellom viktige gyteområde i sjø og industriell aktivitet ute i fjorden. Strengje mengdeavgrensingar på kor mange installasjonar som er tillate samtidig, gjer utbreiing av området unødig stor. Med riggområde (ferdsel 1 og 2), vil det vera tilstrekkeleg areal for oppankring i påvente av å kome inn i hamneområde/industriområde 1. Fylkesmannen vil rå til at kombinert område 2 vert prioritert til fiske og farled. Dette vil i stor grad imøtekome Fiskeridirektoratet sitt krav om ytterlegare avgrensing. Vi er og samde med Fiskeridirektoratet at det må gå klart fram av føresegna at arealet i riggområda «ferdsel 1» og «ferdsel 2» gjeld overflate, vassøyle og sjøbotn. Yttergrense for areal må teiknast inn på kart og koordinatfestast.

Det var semje om å sende eit eige fellesbrev til departementet for å løfte fram at seksjonering og gjenvinning av oljeinstallasjonar er eit nasjonalt ansvar som krev tydelege og sektorsamorda føringar. Det er behov for klare nasjonale kriterium for lokalisering av nasjonale anlegg for demontering, gjenbruk og materialgjenvinning av utrangerte oljeinstallasjonar. Dette gjeld også for frakt, mellomlagring, delvis demontering (seksjonering) i sjø, og interessevegingar i høve til fiskeri og akvakulturæring, samt marint liv i fjordområda ved demonteringsanlegga. Grunna store interessekonfliktar, er det trong for å styrke nasjonal marin overvaking i fjord og landområde som vert berørt av demonteringsindustrien. Det trengst ei kunnskapsheving på kva bioakkumulerande stoff normal drift ved seksjonering av oljeinstallasjonar fører til av miljøkonsekvensar på land og i sjø. Ein må også ta omsyn til risiko for uhell og uventa utslepp.

Tilråding

Fylkesmannen si vurdering er at seksjonering av oljeinstallasjonar i Vats- og Yrkesfjorden vil representere ein ikkje akseptabel forureiningsfare for fjordsystemet, med betydelege negativ verknader på økosystem og fiskeriresursar. Vi vil rå til at planen kan opne for noko industriell aktivitet i sjø, men det føreset at det blir lagt fram dokumentasjon som viser at aktiviteten ikkje vil føre til forureining av fjordsystemet og at industriell aktivitet i sjø vert avgrensa til hamneområdet utanfor industriområdet på land. Kombinert område «hamneområde i sjø/industri 2 /farled» med omsynssone gyteområde, er med det talet på installasjonar planen opnar for i ha ankra opp samstundes, overdimensjonert. Det bør endrast til område for fiske og ferdsl med omsynssone gyteområde. Det vil langt på veg imøtekome statlege motsegner.

Fylkesmannen rår departementet til å vedta Vindafjord kommune sin detaljreguleringsplan for sjøområde i Vats – og Yrkesfjorden slik vedtatt i kommunestyret i Vindafjord 24.06.2014, men med følgjande endringar i plankart og i føresegna datert 15.04.2014:

- Føresegn § 4.2 a) dei tre første strekpunkta og b): industriell aktivitet av typen seksjonering i sjø i planområdet, må takast ut av planen.
- Oppgradering/komplettering av riggar og andre flytande konstruksjonar kan vere akseptabel i delar av «Hamneområde i sjø/industri 1», dersom denne aktivitetstypen kan spesifiserast nærare og ein viser at ein kan sikre at vassmassar og sjøbotn ikkje blir forureina. Området må avgrensast i plankart og i føresegn.

- «Hamneområde i sjø/industri 2» må takast ut som hamne- og industriområde og leggest inn som kombinasjonsføremål «Fiske, farled med omsynssone gyteområde».
- Yttergrense for areal i «ferdsel 1» og «ferdsel 2» må teiknast inn på kart og koordinatfestast.
- Det må gå klart fram av føresegnene at arealet i «ferdsel 1» og «ferdsel 2» gjeld overflate, vassøyle og sjøbotn.

Vår tilråding inneber at Fiskeridirektoratet si motsegn blir tatt delvis til følge ved at fiskeressursane vert prioritert i Yrkesfjorden, men at det vert industriell verksemd i sjø i Vatsfjorden.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Marit Louise Lindholm
Saksbehandlar telefon: 51568917
E-post: fmromll@fylkesmannen.no

Kopi til:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRON DHEIM
Vindafjord kommune	Rådhuset	5580	Ølen
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	Bergen

Vedlegg:

1. oversendingsbrev frå Vindafjord kommune
2. Plankart datert 15.04.14
3. Føresegner datert 15.04.14
4. Støykart
5. Støysonekart
6. Planbeskrivelse med konsekvensutgreiing
Delrapportar:
 - a) Marint miljø
 - b) Støy
 - c) Miljøaspektvurdering
 - d) ROS-analyse
 - e) Støykart
7. Første gangs handsaming av planforslaget
 - a) Saksframlegg med vedtak
 - b) Plankart datert 05.06.13
 - c) Føresegner datert 05.06.13
8. Høyringsuttalar
 - a) Fylkesmannen i Rogaland – motsegn
 - b) Fiskeridirektoratet, region sør – motsegn
 - c) Fiskeridirektoratet, region sør – spesifisering av motsegn
9. Notat frå kommunen om det vidare arbeidet med planen etter drøftningsmøtet
10. Likelydande brev datert 08.04.14 frå kommunen til Fylkesmannen og Fiskeridirektoratet om endringar – spørsmål om motsegn kan trekkjast
11. Brev datert 09.04.14 frå Fylkesmannen – trekkjer ikkje motsegner
12. Brev datert 14.04.14 frå Fiskeridirektoratet – trekkjer ikkje motsegner
13. Protokoll frå ope høyringsmøte med 7 innlegg
14. Andre gangs handsaming av planforslaget
15. Meklingsprotokoll
16. Skriv frå Yrkje og Lindanger bygdalag
17. Brev frå Raunes fiskefarm
18. Brev frå Sigbjørn Langhelle
19. Tredje gangs handsaming av planforslaget
20. Felles brev frå Fylkesmannen, Fiskeridirektoratet region sør og Vindafjord kommune
21. Utsnitt av kommuneplanen
 - a) Utan omsynssoner
 - b) Med omsynssoner
 - c) Større utsnitt
 - d) Føresegner
22. Gjeldande reguleringsplan for Vats mottaksanlegg
 - a) Plankart
 - b) Føresegner
 - c) Støysonekart